



16x Bergen Slettebakken
Bergen, 26. mai 2003

Vinsleir 7./8. juni

I pinsen fer heile 16. Bergen på leir i lag. Troppen er på leir heile helg, medan småspeidarane er med laurdag til sundag. På sundagen inviterer me foreldre og sysken og andre familiemedlemmer til å vitja oss.

Stad: Leiren ligg med Ulvevann i Hauglandsdalen. Dette er same plassen som me nytta til lavvuturen i mai. For å finna fram, fylgjer ein hovudvegen frå Nesttun mot Os. Like etter Kalandseid, tek ein av til vinstre; vegen er skilta med «Haugsdal» eller «Haugsdalen». Frammøte er om lag midt i dalen; me har ein leiar ute for å sjå etter komande bilar frå kl. 12.00 på laurdagen.

Tidsplan: *Laurdag 7. juni kl. 12.15 (seinast).* Frammøte for småspeidarane i Hauglandsdalen, der skogsvegen byrjar.

Sundag kl. 12 Opning av familiedagen. Frammøte i leiren frå kl. 11.30.

Sundag 12-15 Sølvguglen. Uhgøtidleg gruppetevling for store og små. Grilling.

Sundag 15.45 Avslutning av familiedagen og avmarsj.

Sundag cirka 16.00 Avmarsj frå leiren.

Påmelding: Seinast på møtet måndag 2. juni. Påmelding må innehalda namn til føresatte eller kontaktperson for dei, med telefonnummer der me kan nå dei under turen. Turen kostar 75 kr. for småspeidarane, og dette dekkjer m.a. middag laurdagen.

Klede: varme og vantette støvlar/sko, sokkar, bukser, skjorte/genser, speidarsjal, vindjakke. Om vêret krev det, må ein ha på noko av ulltøyet og regnkleda som elles ligg i sekken (sjå nedanfor).

Utstyr: Sovepose, liggeunderlag, to par ullabbar/-sokkar, ullundertøy, regnkleda, lue, to par vottar, skjerf, ekstra sokkar, treningsdrakt (til å sova i), ekstra bukser, tjukk genser, lomme/hodelykt, speidar-/tollekniv, fat, kopp og bestikk, tannbørste, handduk, avisopapir (til å tørka støvlar), ekstra plastposar og ein bossekk, dopapir.

Mat: Småspeidarane tek sjølve med seg brødmatt og drikke til heile turen, samt grillmat (pølser e.l.) til formiddagsmat på sundagen. Tak med varm drikke til alle måltida, t.d. solbærsaft, kakao som kan lagast på vatn eller «Rett i koppen». I tillegg kan dei ta med snop for høgst 20 kr.

Det er svært viktig at småspeidarane pakkar sekken sjølve; dei må nemleg veta kva som er oppi, og kvar dei finn det. Sekken må heller ikkje vera for tung, og alt utstyret må *oppi* sekken. Pakk i plastposar oppi sekken, for å halda det tørt.

Leiarar: Hans Georg (tlf. 4821 3485) er hovudansvarleg for småspeidarane. Erling, Øystein og Aksel vil vera med som hjelpeleiarar i flokken. Jon Gabriel troppsleiar (tlf. 55 28 99 89) er leirsjef.

Foreldredagen: Frammøte til foreldredagen er i leiren. Dei som ikkje kjenner vegen lyt spørja om råd. Kled dykk etter vêret og ha med grillmat til formiddagsmaten.

Speidarhelsing Hans Georg